



Blomar ved bauta 29. juni 2017

Då Ivar Aasen var seks år, døydde kong Kamehameha av Hawaii. Dette passerte nok godt under radaren på unge Iver, men denne kongen etterlet seg ikkje berre jordisk gods, men også årelange tradisjonar som blei sterkt handheva.

Forfattaren Mark Twain skreiv i sine reisebrev frå Hawaii i 1866 at «I kong Liholiho sin arv etter sin far var mellom anna Tabu, ein institusjon fylt med ein løyndomsfull og imponerende makt, ein reiskap som ikkje finst i eigendelane til nokon europeisk herskar, ein reiskap av uvurderleg verdi for kongegjeringa. Tabu var den mest geniale og nyttige oppfinninga som nokosinne er blitt gjort for å innsnevre folket sine rettar.»

Ervingen kong Liholiho brukte berre eit halvt år på å avskaffe det religiøse tabuet «kapu», men omgrepet tabu har overlevd og blitt brukt på liknande tilstander i andre kulturar verda over.

Om Ivar Aasen kjende til omgrepet tabu, kan vi ikkje vite, men også han visste at det fanst saker og ting ein ikkje skulle snakke om, for fenomenet tabu har ein hatt lenge her i Noreg. Tidlegare har ulike emne vore tabubelagte på grunn av fare for ulukker slik folketrua sa, men også for ikkje å krenke god skikk eller dei almenne oppfatningane i samfunnet. Også her har dette hemmeleghaldet vore effektivt for å halde på tradisjonar som gagnar nokon og held andre nede.

Aasen fann også at det var somme ting ein helst ikkje burde setje på prent. Som då han skulle gi råd om rettskriving til ei samling norske gåter samla av Werner Christie. I ei tilbakemelding om samlinga skriv Aasen at «her er ein del gåter som er tydeleg lagt opp til å forvikle spørsmålet ved å hinte til visse ting som ein ikkje godt kan omtale offentleg. Merkeleg nok er slike gåter svært god kjende, og eg har sjølv ein hop slike som eg berre har skrive ned for heilskapen si skuld, men som eg ikkje tør bruke til noko.» Tabu eller ikkje, dette var trass alt sensur av det meir uskuldige slaget.

Openheita og toleransen i samfunnet vårt har brote ned tabu etter tabu, men framleis finst dei. Festspeldiktar Lars Mæhle set i sin siste roman søkelyset på ein undertrykkande praksis som har overlevd heilt fram til vår tid, og som framleis kan vere vanskeleg å snakke om for fleire. I etterordet til *Den stille flokken* skriv Mæhle:

Måten den norske staten har behandla taterane eller romanifolket på gjennom 1900-talet, oppfyller alle (desse) fem kriteria for folkemord.

Det som nesten er mest uverkeleg, er at desse overtrampa mot eit heilt folkeslag har skjedd heilt fram til vår eiga samtid. Svanviken arbeidskoloni var i drift til 1989. To år seinare brente (verkeleg) den siste styraren alle papirdokument i arkivet på bruket.

Det Mæhle her peikar på, har mange visst, men få snakka om. Ivar Aasen var også ein reisande, og omtalar seg sjølv som «din vidtomflakkende ven» i brev til Maurits Aarflot i 1843. På sine reiser plukka han opp ulike nemningar på folkegruppene som også har blitt kalla «dei reisande». I *Norsk Ordbog* finn ein både Tater, Fante og Mjøltraavar. Samtidig kjende Aasen for å presisere kva som var rett, sannsynlegvis i respekt for folket som fekk

nemningane. Under ordet Fante skriv han i parentes: «I nyare skrifter finst ordet også brukt for tater eller sigøyner; men dette er feil, då «Fant» ikkje er uttrykk for noko folkeslag.»

Det handlar ikkje berre om å snakke om dei, men om å sjå dei, og Ivar Aasen var ein av dei som såg dei som fall utanfor i samfunnet. Aasen hadde eit varmt hjartelag, og det fekk dei kjenne dei trengande han gjekk forbi på gata. Ryktet spreidde seg om at Aasen var raus, noko som førte til at også tiggjarane etter kvart oppsøkte han på døra. "Eg er i skatteklasse ein, for eg har ingen å forsørgje. Det kan nok hende at det er eg som har den største familien", sa mannen med dei mange tiggjarane han livberga.

Om dette, og liknande emne, har kanskje Ivar Aasen ei melding til oss i dag i diktet «Tjon og von» frå Symra. Det «useielege» må ikkje haldast tilbake om det går på rettferda laus.

Men Verdi gjeng no att og fram;
det maa me alltid læra;
det, som i Fjor var Last og Skam,
det kom i Aar til Æra.
Naar Leiken gjeng i beste Lag,
so kjem det helst eit Atterslag.
Det kann so myket heppa.
Det endaa koma kann den Dag,
daa Retten fram kann sleppa.

Gaute Øvereng, dagleg leiar Ivar Aasen-tunet